



Advokater i kontorfellesskap Att: Advokat Dag Nødtveidt
Lille Markevei 18
5005 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1864 - 14/4845

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

19.03.2014

Avslag på søknad om endring i vilkår i avkjøringsløyve - gbnr 190/2 Grøttveit

Lindås kommune ved Teknisk drift syner til Dykkar brev datert 27.02.2014 og 18.12.2013, samt tidlegare korrespondanse i saka.

I Dykkar brev datert 18.12.2013 er det sendt inn brev som gjeld «klage i byggesak/forlenget brukstillatelse». I dette dokumentet er vist til Lindås kommune sitt brev datert 26.11.2013, der Lindås kommune melder tilbake at det ikkje er mogeleg å få tilfredsstillande sikt ved nytta dagens avkjørsle. Det har tidlegare vore kommunisert frå Lindås kommune at vilkåret for avkjørsel ikkje vert frå falt, men at Lindås kommune sitt vedtak datert 15.12.2009. Dette vedtaket vart ikkje påklaga av søkjar innanfor klagefristen på 3 veker, og fristen for å klage på dette no er gått ut, jf. fvl § 31 3.ledd.

På bakgrunn av dette finn Lindås kommune å handsame Dykkar brev datert 18.12.2013 som ein søknad om dispensasjon frå dei tekniske krava som gjeld for avkjørsel. Klagar får da prøvd dei sidene ved saken som ein ønskjer vurdert, og han får eit enkeltvedtak som han har klagerett på.

Vurdering:

Når det gjeld dei vilkåra som er sett i vårt vedtak datert 15.12.2009, så er dei fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43 og vegnormal 017. Forskrift av 1964 har heimel i § 43 i Veglova, mens vegnormal 017 har heimel i forskrift etter Veglovens § 13 om anlegg av offentlig veg (forskrift av 29 mars 2007).

Forskriftene gir generelle rammer for utforming og standard på avkjørsler og gjeld alle offentlige veger og gater, jf. Veglovens § 1. Vegnormalane gir utfyllande fastsettingar.

For at eit avkjøringsløyve skal være gyldig må krava i løyve være stetta. Vilkår gitt i løyve datert 20.09.09 er tekniske krav frå gjeldande regelverk og er fastsett av vegdirektoratet. Vilkår om sikt, svingradius og krav til geometrisk utforming kunne ikkje stettast. Det vart derfor søkt om ny avkjørsle frå kommunal veg for å få godkjent oppføring av ny bustad på eigedommen. I brev til teknisk drift, datert 11.12.09, vart det søkt om løyve til å etablere ny avkjørsle frå kommunal veg. Løyve til dette vart gitt 15.12.09. Kvar eigedom får berre

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



eit avkjøringsløyve frå kommunal veg. Tidlegare løyver fell automatisk bort når nytt løyve vert gitt. I tillegg fell avkjøringsløyve automatisk bort dersom arbeid med avkjørsle ikkje er sett i gong innan 3 år.

Formålet med dei tekniske krava er, mellom anna, å sikre god nok sikt for trafikantane som ferdast i og langs offentleg veg. Det vert også sett krav til geometrisk utforming av avkjørslar. Dagens avkjørsle tilfredsstillar ikkje dei tekniske krava.

I brevet er der vist til at det er klar og usakleg forskjellsbehandling i Trond Grøttveits disfavour. Det vert vist til tiltak på gbnr 190/27, 190/5, 190/9 og 190/15.

I den offentlige forvaltning vert det stilt krav til at like saker vert behandla likt. Det inneber at usakleg forskjellsbehandling kan medføre at et vedtak vert ugyldig. Likskapsprinsippet inneber at dei forvaltningsavgjerder som vert gjort, må byggje på ei objektiv og sakleg vurdering som sikrar likskap og rettferdighet. For at en anførsel om forskjellsbehandling skal føre fram er det ein føresetnad om at det dreier seg om like saker både fysisk og rettsleg. Myndighetene må ha adgang til å endre praksis i liknande saker utan at det fører til usaklig forskjellsbehandling så lenge det er ein konsekvent praksis.

Den kommunale vegen vart overteke frå Statens vegvesen i 1980, før dette var vegen klassifisert som Fv.390. Nokre av eigedommane i området har derfor fått løyve til utvida bruk frå Statens vegvesen. Alle løyver er gitt med felles vilkår og dei respektive grunneigarane har signert på dette.

Avkjøringsløyve for gbnr 190/5 er gitt av Lindås kommune den 14.03.86, og på vilkår om at avkjørsle skulle verte bygd og vedlikehalde etter reglar vedteke av Vegdirektoratet den 16 juli 1964. I 2009 vart det gitt løyve til rehabilitering av eksisterande bustad. Rehabilitering av bustad utløyste ikkje krav om nytt avkjøringsløyve.

Når det gjeld avkjøringsløyve for gbnr 190/9 har Lindås kommune kopi av dette. Dette løyvet er gitt av Statens vegvesen. Løyvet er datert 04.08.1975 og er gitt på vilkår om at tekniske krav etter reglar vedteke av Vegdirektoratet den 16 juli 1964 vert fylgt (forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg»). I vedtak, datert 26.08.1975, vart bustad på gbnr 190/9 skilt ut til gbnr 190/15 i delingssak. Avkjøringsforholda vart derfor ikkje endra.

For gbnr 190/27 er det ikkje handsama avkjøringsløyve i delingssak av 2002. Dette på bakgrunn av at bustad vart bygd som bustad nr 2 på gbnr 190/2-3 i 1971. Avkjøringsløyve er gitt av Statens vegvesen, Lindås kommune har diverre ikkje kopi av dette løyvet.

Teknisk drift har vurdert avkjørsle som svært uoversiktlig og uheldig for trafikktryggleiken langs kommunevegen. **Ein kan heller ikkje sjå at det er usakleg forskjellsbehandling å oppretthalde dei tekniske krava til avkjørsel i denne saka.**

Teknisk drift vil, av omsyn til kommunevegen og dei trafikale forholda kring denne, ikkje gje dispensasjon frå dei tekniske krav til avkjørsle. Søknad om dispensasjon frå tekniske krav til avkjørsel vert derfor avslått.

Vedtak:

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar frå offentleg veg», samt vegnormal 017 at Teknisk drift avslår søknad om dispensasjon frå tekniske krav ved opparbeiding av avkjørsle.

Andre forhold:

- I Dykkar brev datert 18.12.2013 er det vist til ei rekkje forhold som ein meiner har verka inn på Lindås kommune si handsaming av saka. Fleste parten av påstandande er etter vår vurdering irrelevant for saka, og vert difor ikkje kommentert.
- Når det gjeld synfaring, så vart det foretatt synfaring av Lindås kommune v/teknisk drift og byggesak den 26.11.2013. Alle av kommunens representantar var ute av bilen, og det vart gjort målingar i forhold til sikt.
- Det er i brevet vist til fleire namngjevne personar som skal ha eit godt forhold til Magnus Grøttveit. Det er ingen av desse personane som er tilsett på byggesak eller teknisk drift, og har på ingen måte vore involvert i denne saka.
- Når det gjeld eventuelle ulovlege tiltak på gbnr 190/1, så er dette forhold som eventuelt skal handsamast som ei eiga sak, og ikkje har samband med saka på gbnr 190/2.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Arne Eikefet
Einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved
byggesaksavdelinga